

17 år

av Erlend Kaasa

Frå novellesamlinga «44»

Undervisningsopplegget er laga av Nynorsksenteret

Til læraren:

I dette undervisningsopplegget skal elevane arbeide med nærlesing av novella «17 år» av Erlend Kaasa. Elevane skal mellom anna lage og øve seg på å stille litterære spørsmål som opnar opp for ulike svar og tolkingar. Målet er at elevane gradvis skal utvikle ei djupare forståing av teksten og utforske ulike tolkingar. Elevane skal lese novella tre gonger, kvar gong med eit nytt føremål. Den første lesinga er eit møte med teksten som heilskap. Her les læraren novella høgt medan elevane følgjer med i teksten og markerer ord og uttrykk dei legg særleg merke til. I den andre lesinga er merksemda retta mot språk og ordforståing. I den tredje lesinga skal elevane nærlese teksten og undersøkje korleis ulike element i teksten kan vere med på å skape meining. Etter den tredje lesinga lagar elevane eigne spørsmål til teksten. Desse spørsmåla blir seinare brukte som utgangspunkt for ein litterær samtale. Spørsmåla i opplegget kan brukast til å støtte og utfordre elevane i nærlesinga. Det er ikkje nødvendig at elevane arbeider skriftleg med alle spørsmåla. Læraren kan velje ut spørsmål på førehand og tilpasse dei elevgruppa.

Til eleven:

I dette undervisningsopplegget skal du arbeide med novella «17 år» av Erlend Kaasa. Du skal lese teksten fleire gonger. Kvar gong skal du lese teksten med eit nytt føremål. Målet er at du for kvar gong skal utvikle ei større forståing av novella og utforske ulike tolkingar av teksten.

Før lesing

Tenkeskriv i to minutt utan å stoppe. Kva assosiasjonar får du til tittelen «17 år»? Kva trur du teksten handlar om? Del nokre av tankane dine med ein medelev.

Under lesing

Første lesing: Lytt medan læraren les novella høgt. Følg med i teksten. Strek under ord og formuleringar du ikkje forstår, eller som du legg spesielt merke til. Kva sit du att med:

- Eg la spesielt merke til ...
- Eg lurar på ...
- Eg trur novella kan handle om ...

Andre lesing: Sjå nærare på språket. Les novella på eiga hand. Bruk ordlista til å slå opp orda som står i tabellen under. Skriv ei kort forklaring med eigne ord. Legg til dei orda og uttrykka du sjølv markerte under første lesing. Vel òg ei formulering i novella som du legg særleg merke til. Det kan vere ei setning eller eit uttrykk du finn særleg interessant eller godt formulert. Skriv det ned og forklar kvifor du la merke til akkurat dette.

Ordliste:

slev	
skar	
umiskjenneleg	
ljøs	
å kjemme terrenget	
utemde	
prepubertal	
bringe	
skamskot	
føresetnad	

Tredje lesing: No skal du lese novella ein siste gong. Denne gongen skal du undersøkje korleis teksten er bygd opp, og kva som kan liggje under handlinga. Medan du les, markerer du stader i teksten der du legg særleg merke til:

- det du får vite om hovudpersonen
- tilbakeblikk
- forholdet mellom far og son
- jakta og reinsbukken
- veret og naturen
- mobiltelefonen og annan teknologi
- lærlingen
- stader i teksten der noko kan ha ei djupare eller symbolsk tyding

Etter lesing

Lag spørsmål

Skriv ned minst fem spørsmål du meiner er interessante å diskutere. Minst eitt av spørsmåla skal vere eit ope spørsmål som teksten ikkje gjev eit eintydig svar på. Spørsmåla skal du bruke seinare i ein litterær samtale med medelevar. Arbeid deretter med spørsmåla under. Desse spørsmåla kan hjelpe deg til å få ei endå betre forståing av novella.

Spørsmål til teksten:

Kven er «han»?

Undersøk korleis hovudpersonen Lars blir framstilt i novella. Kva inntrykk får du av han? Sjå mellom anna på korleis han ser på seg sjølv, kva han verdset, korleis han ser på andre menneske, korleis han omtalar sonen sin, forholdet hans til natur og jakt og forholdet hans til teknologi. Samsvarar måten Lars ser på seg sjølv på, med inntrykket du som lesar får av han? Grunngje svaret med døme frå teksten.

Forholdet mellom far og son

Kva kontrastar finn du mellom far og son? Kva fortel desse kontrastane om forholdet mellom dei to?

Lars ser på spelinga til sonen som ei flukt frå verkelegheita. Kan jakta til Lars også forståast som ei form for flukt? Kva likskapar og skilnader ser du mellom dei to?

«Han hugsar ikkje det eksakte årstalet, men kan sjå på auga til Poden at han enno ikkje har byrja å tilbe Skjermen, sjølv om det nok må vere like før». Kva for assosiasjonar får du til verbet «tilbe»? Kvifor trur du «Skjermen» er skriven med stor forbokstav? Kva fortel formuleringa om Lars sitt syn på teknologi og sonen sin?

Fortid

Lars tenkjer fleire gonger tilbake på tida si i militæret. Finn døme på slike tilbakeblikk. Kva utløyser dei? Kva får vi vite om Lars gjennom dei?

Lars fortel om korleis han lærte seg å tilpasse seg i militæret. På kva måte tilpassar eller tilpassar ikkje Lars seg livet i notida?

Korleis er tilbakeblikka med på å løfte fram sentrale tema i novella?

Reinsbukken

Sjå nærare på dei markeringane du gjorde som handla om reinsbukken. Kva seier hovudpersonen om skadeskotne dyr? Sjå særleg på skildringa på side 77: «Fleire gonger har han blitt overraska over skadeskotne dyr som opptrer på bisarre vis, som om dei er blitt slått ut av den banen naturen har rissa opp for dei, og skotet ikkje berre har sprengt sund kjøt og bein, men også ein bit av dyret sitt vesen og gjeve det rom for at noko anna, noko framandt og unaturleg, har fått vekse fram». Kan skildringa lesast som noko meir enn ei skildring av skadeskotne dyr? Kva eller kven kan ho i så fall seie noko om?

I det siste avsnittet studerer Lars reinsbukken og forsøker å forstå kvifor han går aleine. Kva legg Lars merke til? Kva for forklaringar har Lars på kvifor bukken går aleine? Kva kan liggje i formuleringa «Naturen er nådelaus»?

Lars meiner å hugse at han har lese at reinsdyr kan bli opptil 17 år. Kvifor trur du denne opplysninga er med i novella? Sjå tilbake på tittelen «17 år». Har tittelen fått nye tydingar?

Finn likskapar mellom reinsbukken og Lars. Kva skil dei?

Forteljar og synsvinkel

Vi opplever i stor grad verda gjennom Lars. Kva konsekvensar får det for korleis vi oppfattar Poden, Britt-Elin, lærlingen og andre menneske i novella?

Er vurderingane Lars gjer av andre, pålitelege? Finn døme i teksten som støttar svaret ditt.

Lærlingen

Sjå nærare på konfrontasjonen mellom Lars og lærlingen. Kva skjer? Korleis oppfattar Lars sjølv situasjonen? Korleis oppfattar du måten han behandlar lærlingen på? Lars meiner sjølv at samtalen ikkje er ei «verbal filleristing». Korleis vil du karakterisere det han seier?

Kva fortel konflikten deg om Lars og verdiane hans?

Vêret

Sjå nærare på korleis vêret blir skildra gjennom novella. Endrar det seg? Korleis er utviklinga i vêret med på å byggje opp stemninga i novella? Vis til konkrete døme frå teksten.

Tema

Kva vil du seie er sentrale tema i novella?

Samtale om teksten

Sjå over spørsmåla du laga under tredje lesing. Del spørsmåla i gruppa. Vel saman ut tre-fire spørsmål som de meiner kan opne for interessante tolkingar av novella. De kan også bruke spørsmål frå oppgåvene de har arbeidd med.

Det er viktig at du brukar eit relevant fagspråk i samtale om novella. Døme på setningar ein kan bruke:

Eg legg merke til ...
Eg tolkar dette som ...
Eit døme i teksten er ...
Dette står i kontrast til ...
Det kan også tolkast som ...
Synsvinkelen gjer at ...

Tilbakeblikka gjev oss innblikk i ...
Dette språklege biletet kan ...
Det kan vere eit symbol på ...
Eit sentralt tema i novella kan vere ...
Karakterar vi møter i teksten, er ...

Skriv

Skriv ein analyse med utgangspunkt i novella «17 år» av Erlend Kaasa. Sjå nærmare på korleis litterære verkemiddel er med på å få fram sentrale tema i teksten. Vis til konkrete døme frå novella.